



Kevin Robert Scrivens  
Radøyvegen 974  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13164 - 20/52832

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
27.08.2020

## Driveplikt og drift av eigendomen GBNR 471/2 på Radøy

Alver kommune har fått melding om at jordbruksarealet på bruket ditt ikkje har vorte slått eller beita i 2019 og 2020, og me er bedd om å vurdera dette i høve til reglane om driveplikt.

Føremålet til reglane om driveplikt er at dyrka jord og kulturlandskap, som er ein viktig ressurs for samfunnet, må haldast i hevd. Kommunen har ansvar for å føra tilsyn med at reglane om driveplikt vert følgt.

Drivepliktsreglane er heimla i § 8. i jordlova som har fylgjande tekst.

**Jordbruksareal skal drivast. Driveplikta gjeld for heile eigartida.** Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.

**Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort .** Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta. **Eigaren må sende kopi av avtala til kommunen.** Ei leigeavtale som er i strid med andre eller tredje punktum, kan ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller i høve til offentlege styresmakter.

Finn departementet at jordbruksareal ikkje vert drive, kan eigaren påleggjast å leiga jorda bort for ei tid av inntil 10 år, eller at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.

Meir informasjon om dette regelverket finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/driveplikt#hvor-er-det-driveplikt->

**Kommunen ynskjer tilbakemelding frå deg på korleis jordbruksarealet på garden din vert drive, eventuelt om du har leigd vekk jorda. Dersom jorda er vekkleigd ber me om at du sender inn kopi av leigeavtale.** Dette for å kunna vurdera om du har oppfylt kravet om driveplikt.

**Me ber om skriftleg tilbakemelding innan 17. september 2020.**

I Nibio gardskart er eiendomen registrert med fylgjande jordbruksareal:



Arealfordeling		Arealfordeling på teignivå			
Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	P
☐ 4631-471/2 Areal i dekar					
4631-471/2		6	17,2	21,3	15,9
Sum		6	17,2	21,3	15,9

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kevin Robert Scrivens

Radøyvegen 974

5938

SÆBØVÅGEN